



Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage, 08.03.17 – kl. 19.00

Tilstades på møtet:

Jannike Steindal Nordanger (FAU - leiar skulen)

Ingunn Straume (FAU - leiar barnehagen)

Veronica Straume (representant frå foreldrerådet skulen)

Kenneth Blomvågnes (nestleiar FAU barnehagen)

Sissel Soltveit (vara for Ingrid Rikstad - repr. for tilsette i barnehagen)

Elin Nøttveit (repr. for undervisningspersonalet ved skulen)

Karoline Kaarstad (repr. for andre tilsette ved skulen)

Knut Morten Straume (foreldrerepr. SFO)

Frøya Gabrielli (repr. for elevrådet)

Gjermund Namtvedt (repr. for elevrådet)

May Britt Vågenes Gjerde (repr. frå kommunen)

Torunn Tolleshaug Hovden (rektor/repr. for kommunen)

Saksliste:

1. Informasjon og vurdering av resultatata frå

- Foreldreundersøkinga som vart gjennomført i november/desember 2016

- Elevundersøkinga som vart gjennomført på 5.-7.årstrinn hausten 2016

På foreldreundersøkinga var 10 føresette på Austebygd skule (tilfeldig utvalde) inviterte til å svara (gjennom telefonintervju).

På elevundersøkinga har 26 (av 27) elevar på 5.-7.årstrinn svart (nettbasert undersøking)

Begge undersøkingane var grundig gjennomgått på FAU-møtet, like i forkant av SU/SMU-møtet. Jannike Steindal, leiar i FAU- og i SU/SMU, informerte om dette og om FAU sine vurderingar av svara. Resultata er gode for Austebygd skule, spesielt på foreldre-undersøkinga. Gode resultat må følgjast opp for å haldast høgt også framover!

Satsingsområde som peikar seg ut for forbetring: Medverknad, motivasjon og at ein heile tida har fokus på trivsel/arbeidet mot mobbing; **alle** borna skal ha det bra.

På motivasjon og trivsel/arbeid for eit godt psykososialt miljø, er det viktig at både heimane og skulen jobbar godt, både kvar på sin kant - og i lag!

2. Eventuelt andre saker

Rektor/styrar informerte om at utbygging av småbarneavdeling ved Austebygd barnehage no ligg inne med 2,5 mill. kr. i økonomiplanen for 2017 -2020, men at midlane er lagt til siste del av perioden. Rektor/styrar har snakka med kommunalsjef Lisbeth Alvær og Einar Færø, leiar for bygg, om koma i gang med planarbeidet og vurdering av korleis ein eventuelt kan få til eit tilbygg til det eksisterande barnehagebygget.



Radøy
kommune

Austebygd skule,
Slettevegen 870, 5939 Sletta

Rektor/styrar har også tatt saka opp med kommunalsjef Jo Tømmerbakke, som er den som har ansvar for å ta saka vidare. Han har lova å ta saka opp så snart kommunen har fått tilsett ein ny person med ansvar for slike saker. (Den som i dag har dette arbeidet skal pensjonera seg.)

SU/SMU-møtet meiner det er viktig å snarast mulig få i gang konkret arbeid med ny småbarnsavdeling på Austebygd. Slik det er i dag, er det svært tungvindt når fleire foreldre må levera 1-åringen sin i ein barnehage utanom Austebygd, og kanskje eit anna søsken i Austebygd barnehage. Dette kan medføra at foreldre som også har skuleborn, kanskje vel ein annan skule. Det kan bli for vanskeleg for dei å få kabalen til å gå opp ved levering/henting i barnehagar/SFO- og samtidig skulla greia å halda sine egne arbeidstider på jobb.

SU/SMU-møtet avtalte at dei to FAU-leiarane i barnehagen og på skulen i lag sender skriv til kommunen og purrar på saka. Også May Britt Vågenes Gjerde, representant frå kommunen i SU/SMU, tek opp spørsmål om arbeidet med utbygginga i kommunestyret.

Jannike Steindal Nordanger
leiar SU/SMU

Torunn Tolleshaug Hovden
Torunn Tolleshaug Hovden
skrivar